



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
73/19	Formannskapet	11.06.2019

### Plansak for offentlig ettersyn - Kommuneplan for Arealdel 2018 - 2030

#### Formannskapet 11.06.2019:

##### Behandling:

, foreslått av ,

Barn og unge sin representant i planlegginga, Steinar Ose-Velle, møtte.

Planleggar Heidi Istad orienterte.

Rådmannen kom med slik tilføyning, nytt punkt 2:

I registrerte gyteområder må eventuelle tiltak vurderes opp mot naturmangfoldloven.

Det er vilkår for eventuell gjennomføring av tiltak etter pbl. at tiltaket ikke truer eller skader kvaliteten på og verdien av gyteområdet.

##### **Røysting (ni røystefore):**

Tilrådinga frå rådmannen, samt nytt punkt 2, vart samrøystes vedteken.

#### FSK- 73/19 Vedtak:

**1. Formannskapet fremjar planforslaget og legg planen ut til høyring og offentlig ettersyn i samsvar med vedtak i sak 65/19 den 14.05.2019 og etter plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.**

**2. I registrerte gyteområder må eventuelle tiltak vurderes opp mot naturmangfoldloven. Det er vilkår for eventuell gjennomføring av tiltak etter pbl. at tiltaket ikke truer eller skader kvaliteten på og verdien av gyteområdet.**

#### Forslag til vedtak:

1. Formannskapet fremjar planforslaget og legg planen ut til høyring og offentlig ettersyn i samsvar med vedtak i sak 65/19 den 14.05.2019 og etter plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14.



**Vedlegg:**

Planomtale 20190604  
Arealformål 20190604-KPA\_A0-L  
Arealformål Volda sentrum 20190604-KDP\_A0-L  
Føresegner utkast 07 05 2019  
KU 20190604

**Saksutgreiing:**

Formannskapet gjorde i sak 64/19 den 14.05.2019 vedtak om å sende forslag til kommuneplanen sin arealdel ut på høyring med nokre endringar. Forslaget om å ta inn eit areal ved ferjekaia som utbyggingsareal medførte at ein måtte konsekvensutgreie verknadane for miljø og samfunn.

Dei andre endringane som inneber nye utbyggingsområde er tidlegare konsekvensutgreidd, og kunne derfor innarbeidast i planforslaget og sendast ut på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn utan nye utgreiingar.

Planforslaget er oppdatert jf. vedtak i Formannskapet 14.05.2019. Dette inneber ein ny versjon av plankart, planomtale og konsekvensutgreiing. Det er også tatt inn nokre rettingar og manglande tekst i ny versjon av planomtalen. Liste over innspel er supplert med fleire kommentarar og vil bli supplert mot utlegging til offentleg ettersyn. Endringar i planomtalen er markert med farga tekst.

**Vurdering:**Konsekvensutgreiing:

Konsekvensutgreiing av utfyllingsareal ved ferjekaia, for auka areal i sentrum, viser at tiltaket har fleire utfordringar, som vil kunne gi middels til stor negativ konsekvens for fleire utgreiingstema. Dagens situasjon med gitte dispensasjonar for utvikling av området for den gamle ferjekaia er utgangspunktet for konsekvensutgreiinga. Det er lite konkretisert kva arealet skal nyttast til og i vurderinga er det tatt utgangspunkt i at arealet kan byggast ut med sentrumsbygg. Dette vil gi eit vesentleg endra landskapsbilde og kontakt mot sjøsida, noko som vil redusere dagens verdi av området. Det kan vere vanskeleg å få til avkøyrsløse frå E39 og det er utfordrande å sikre god kryssing for mjuke trafikantar. Området ligg i område med muleg marine avsetningar som kan gi ustabil grunn og utfordringar når det gjeld utfylling. Dette må avklarast i samband med reguleringsplan for området.

Under tvil er det konkludert med at forslaget kan imøtekomast. Arealet må inngå i ein samla områdeplan for heile eller delar av indre sentrumssone.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ikkje vurdert i særleg grad, med utfylling og tilrettelegging for utbygging til sentrumsformål vil medføre kostnader til både utgreiingar, utfylling m.v.

**Samla vurdering:**

Med bakgrunn i vurderinga over er Rådmannen si tilråding at planforslaget for arealdelen sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Eg gjer merksam på at høyringsfristen må settast til 10. september for at det skal vere muleg å gjennomføre folkemøte i både Volda sentrum og på bygdene i samsvar med

opplegg for medverknad i vedteke planprogram. Fram mot utlegging til offentlig ettersyn vil det bli retta opp i feil og manglar i planmaterialet. I tillegg vil plandata bli klargjort for presentasjon på kommunen si planinnsynsløysing.

Namn  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
sektorsjef